



Luster kommune



NYTT UNDER STOREN 4-15

Internavis for Luster kommune

Julehelsing

Gode medarbeidar.

2015 går mot slutten og det er tid for å ynskje deg og dine ei retteleg god jul og godt nyttår.

Rikt på nedbør vert eitt kjenneteikn for 2015, året starta med mykje snø og hausten har vore fuktig, og begge periodane må seiast å ha hatt ver ut over det normale. Heller ikkje sommarveret var noko spesielt å skriva godt om.

Om veret har vore litt på sida av det normale så har det kommunale året gjerne vore meir på det jamne. Dei kommunale tenestene og tilboda er i all hovudsak som dei har vore der me har både målingar og indikasjoner på at brukarane er nøgde. Drifta og tenestene vert haldne oppe med gode resultat. Eg meiner me lukkast godt i arbeidet samtidig som det er mykje å ta tak i både av små og store oppgåver.

Mange tilsette gjer ein flott jobb for å sikra gode tilbod og tenester. Det er ikkje kommunaleiinga som skal ha æra for dette, men deg som til dagleg møter brukarar og innbyggjarar – så takk for stor og god innsats.

Kommunereformarbeidet er avslutta i Luster, i alle fall i denne omgang. Dermed vert jobben vidare å gjere best mogeleg jobb i og for Luster kommune. Samtidig må me ta inn over oss at det vert minst like krevjande som det har vore. Forventningane er høge i Luster og det vert vanskeleg å svare opp desse ikkje minst fordi kraftinntektene sviktar. Låge straumprisar er bra for deg og meg, men dårlig for kommunen.

Ikkje minst i lys av den økonomiske kvardagen er det rådmann si plikt å peika på og vurdere endringar som kan spare ressursar ev arbeide smartare samtidig som me greier å halde oppe kvaliteten på dei prioriterte tilboda og tenestene. Samtidig er ikkje endringar i seg sjølv noko enkelt, me vil helst ha det som det som det har vore noko som er naturlege reaksjonar. Det å etablere sentralkjøken er ei slik sak, som det har vore mange synspunkt på, men som det no syner seg, med felles god innsats, kan bli eit godt resultat med bruk av mindre ressursar.

Innstrammingar og omleggingar er og naudsynte for å gi rom for utvikling og satsingar. Samhandlingsreforma er ei slik sak der ein del er gjort, men der det vert forventa auka innsats frå kommunen innan førebyggjande folkehelse, rus og psykiatri.

Utviklings- og endringsarbeid må halde fram. Me skal vere utålmodige etter å bli betre.

Budsjett og økonomiplanen som no er vedteken av kommunestyret har fokus på dette samtidig som god drift skal vidareførast.

Stort eller lite, endring eller ikkje endring, rådmannen vil ha fokus på god informasjon og medverknad for å sikra eit fortsatt godt arbeidsmiljø i Luster kommune.

Her er mange oppgåver å ta tak i, men først er det jul og nokre rolege dagar for dei fleste.



Jarle Storaas

God Jul og
Godt myttår!



PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette),
perioden 01.11.2015 - 31.12.2015

Velkomen!

Luster heimeteneste:

Kåre Kristian Åberge – miljøterapeut
Peder Bergum – miljøarbeidar
Bjarte Vatlestad – miljøterapeut
John Grov – miljøarbeidar

Helse:

Jonny Gjerde – miljøarbeidar (prosjektstilling)

Jostedal oppvekstsenter:

Arvid Elvekrok – undervisningsstilling

Takk for innsatsen!

Luster heimeteneste:

Anne Judith Leirdal – miljøterapeut
Laila Joranger – hjelpepleiar
Marit Sølve Toppe - omsorgsarbeidar

Luster sjukeheimsteneste:

Anne Sofie Sjøli – assistent

Julegåve 2015

Luster kommune gjev i år julegåve til **Redd barna** med kroner 25.000.

Julegåve til alle tilsette har dei siste åra vore avløyst av ei julegåve til eit velgjerande formål.
På møte mellom dei hovudtillitsvalde vart det peika på Redd barna som ein god mottakar dette året.

Luster kommune føl dermed opp det som var gjort i 2013 og 2014 da kommunen gav kr. 25.000 til hjelpearbeidet på Filippinane og same sum til Leger uten grenser i 2014.



Budsjettarbeidet er avslutta med vedtak i kommunestyret 17.12.

Etter ein omfattande budsjettprosess handsama kommunestyret framleggjett i møte 17.12. Etter ein grundig debatt der ein tok inn nokre mindre endringar så vedtok kommunestyret samrøystes budsjett, økonomiplan og planleggingsprogram for kommande år.

Ut frå dei økonomiske råmene som kommunen rår over så er det rådmannen si vurdering at ein «strekker strikken». Det er eit offensivt budsjett både når det gjeld drift og investeringar. Spesielt er det mange og store investeringsoppgåver som står for tur og som vil auka lånegjelda mykje i kommunen.

Driftsbudsjettet sikrar eit fortsatt godt tenestetilbod samtidig som det vert peika på nokre utfordringar der ein skal arbeide med å redusere ressursbruken. (jf anna omtale av utviklingsarbeid.)

Sogn PPT

Frå januar 2016 vil Luster ta del i interkommunalt samarbeid når det gjeld PP-tenestene.

Sogndal kommune vert vertskommune for Sogn PPT som vil femne om kommunane Vik, Aurland, Leikanger, Sogndal og Luster. Kontoret vil og levere tenester til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Karin Uglum (noverande styrar ved studentbarnehagen i Sogndal) er tilsett som leiar av kontoret.

Våre tilsette Kari Alme og Bodil Brennesvik går over til det nye kontoret.

Olfert Øvrebø går over i stilling som kommunepsykolog i tenesteeining helse medan Ellen Melheim blir pensjonist frå 1. februar.

Bygdebok som julegåve?



Om du enno ikkje har alle pakkene i boks, er bygdebøker og anna lokalhistorisk litteratur ei ypperleg julegåve.

Bygdeboka kostar kr 750 pr stk. Kjøper du ein serie på 3 ulike bøker eller meir, er prisen kr 500 for bok nr 3 og oppover. Til no er det utkome 10 band (nr 1 er utseld).


[Sjå bandinndelinga her](#)

[Her finn du tingingskupong for Lokalhistoriske publikasjonar](#)

KOMPETANSE/REKRUTTERING

KVALITETSARBEID

ORGANISASJONSUTVIKLING



Utviklings- og endringarbeid i budsjettet.

I budsjettet er det ein del saker der det ikkje er endeleg konkludert, men der det vert arbeidd fram eigne kommunestyresaker som skal handsamast så tidleg som mogelege i 2016:

- Utgreiing om mogleg samanslåing av Gaupne skule og Luster ungdomsskule skal leggjast fram for kommunestyret gjerne i februar. Samordningsgevinstar, faglege fordelar og økonomi skal avklarast.
- Det er i 2015 gjennomført eit prosjektarbeid med vurdering av førebyggjande folkehelsearbeid i kommunen. Dette arbeidet vert vidareført med grunnlag i tilrådingar i eigen prosjektrapport. Arbeidet må sjåast i samanheng med mål om etablering av nytt dagsenter for fleire grupper, treningscenter og ny organisering av Frivilligentralen. Oppbygging av eit godt /utvida dagtilbod skal og sjåast i samanheng med eventuell realisering av Friskhuset

Tiltaket er ei viktig oppfølging av nasjonale mål om auka førebyggjande innsats og gode tilbod på eit lægre nivå i omsorgstrappa. (jf. også mål i samhandlingsreforma).

Vidare planlegging vil avklara føresetnader for å realisere «Friskhuset» i yrkesskule-bygget. Det er avsett planleggingsmidlar i budsjettet med mål om kommunestyre-handsaming før sommarferien, der ein tek nærmare stilling til om tiltaket skal gjennomførast og rammene for vidare arbeid.

- Vidare arbeid med utviklingsprosjektet i pleie og omsorg (PLO), med følgjande tiltak:
 - Leiing og interne prosessar, inkl reorganisering.
 - Tettare samarbeid, samvirke mellom tenestene, «inne og ute» rekruttering og kompetanseutvikling.
 - Ressursbruk i Luster heimeteneste, med mål om reduksjon av indirekte tid.
 - Kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.
 - Vurdere samla tenestetilbod i kommunen si helse- og omsorgstrapp. Under dette særleg innhald/tilbod i dei tre sjukeheimane og plan for framtidig demenstilbod.

Desse tiltaka vert det peika på med grunnlag i ein rapport som Ressurssenteret for Omsorgstenester (RO) har utarbeidd. Ved å organisere betre, arbeide smartare vurdere struktur og dimensjonere godt er det lagt til grunn at me og kan spare økonomiske ressursar.

- Legevakttilbodet.
 - Legevaktorganiseringa i Luster vert utfordra av nye nasjonale faglege krav til tenesta. Dagens organisering med mykje bruk av vikarleger på vakt vil ikkje stette framtidige krav. Utfordringane er særleg store i feriar og kostnadane ved bruk av vikarar har auka monaleg. Heile regionen har utfordringar og Vik, Leikanger, Sogndal og Luster arbeider med eit utgreiingsarbeid der utvida samarbeid ev felles legevakt vert nærmare vurdert. Utgreiingsarbeidet skal vere klart innan 1.3.2016 og ein tek sikte på politisk handsaming innan 1.5.2016

Ny ESA:

The screenshot shows the 'Mine oppgaver' (My tasks) section of the new ESA system. It lists 11 tasks over deadline, including:

- Sak/Doz: Ny sak (New case)
- Sak/Doz: SIFT (Sak/Doz)
- Egne saker (Own cases)
- Sak (Case)
- Velg sak (Select case)
- Sak i bråarkiv (Case in backlog)
- Adresseregister (Address register)
- Tittelbestyrke (Title priority)
- Seknad om tilbygg av Aseen sportslisse - 10/9-10 (Request for addition of Aseen sports facility - 10/9-10)
- Seknad om tilbygg av Aseen sportslisse - 10/10-12 (Request for addition of Aseen sports facility - 10/10-12)
- Vurdering av nytt stømkratverk v... (Assessment of new dam wall v...)
- Mottatt post (5 av 36) (Received post (5 of 36))
- 10/22 (Request for addition of sports facilities - 10/22)
- 10/11-4 (Request for addition of sports facilities - 10/11-4)
- 10/12 (Request for addition of sports facilities - 10/12)

Overgangen til ny ESA går inn i siste fase med omlegging frå 4 januar.

Systemet vil vere nede frå mandag 4. januar og innføring vil starte gradvis frå onsdag 6. januar. Arkivet vil starte testing og innlegging inn dei pågåande sakene som skal vere med over i ny løysing

Men – NB!

- Det vil ikkje bli gjeve tilgang til bruk av ny ESA før vi er sikre på at alt er i orden.
- De vil få melding når de kan ta ny versjon i bruk.

Dei ulike rollene vert no fordelt slik:

• **Administrator:**
IKT ved Trond Helg Eide

• **Systemansvarleg:**
Anita Bjørk Ruud

• **Systemeigar:**
Servicetorget

• **Superbrukarar:**

Generelt/rådhuset:
Anita Bjørk Ruud, Unni Sture Venjum, Ingrid Haukadal

Teknisk/Landbruk:
Ole Arne Haugen, Haakon Stauri Begby

Helse/Omsorg/NAV/ATS:
Margunn Hillestad

Oppvekst/bibliotek:
Gunvor Kjos-Wenjum

Tilgangsstyring (opprettning av nye brukarar mm.) vil no bli gjort av systemansvarleg eller administrator. Bruk datatilgangsskjema som før.



40 år i jobb for Luster kommune

I ei fin markering på rådhuset no i desember fekk Trygve Engesæter, Jan Kåre Norberg og Torodd Joranger overrekt gâve frå kommunen.

Alle tre har hatt arbeidet sitt på rådhuset i alle desse åra. Dei har gått av med pensjon, men er lette å be om ei teneste når me treng deira hjelp. Det set me stor pris på.

Heider - markering av 25 års teneste i Luster kommune



25 år i jobb for Luster kommune

No i desember var 25 års jubilantar inviterte til middag og fin markering på Eikum. Kvar jubilant fekk gâve frå kommunen, akvarell måla av Signe Fortun Weka eller Arvid Elvekrok, blome og fine ord frå ordførar og rådmann.

Framme frå venstre:

Kari Paulsen (sjukeheimstenesta), Gunvor Kjos-Wenjum (personal), Bodil Blikra (barnehage), Liv Solbakken (barnehage), Grete Henny Kalhagen (barnehage).

Bak frå venstre:

rådmann Jarle Skartun, Inger Sønnesyn (reinhold), Kirsten Sørheim (psykisk helseteam), Truls Rogstad (legetenesta), Marianne Nepstad (heimetenesta), Ingrun Bolstad (heimetenesta), Anita Bjørk Ruud (servicetorget), ordførar Ivar Kvalen.

Ikkje til stades:

Anita Bøen (ATS), Olav Grov (næring), Torill Kalhagen (heimetenesta), Laila Kvamme (sjukeheimstenesta), Guri Sissel Lerum (sjukeheimstenesta), Bente Røneid (barnehage), Mette Grov Ruud (sjukeheimstenesta), Solveig Sviggum (sjukeheimstenesta).

Årshjulstiltak 2015



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Leiardialogen
- Medarbeidarsamtalar
- Brukarundersøking barnehage
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Brukarundersøking skule
- Vernerunde
- Tenesteplan
- Tertiarrapport T2
- Introduksjonsseminar
- Val 2015
- Valopplæring
- Budsjett, planprogram, økonomiplan

Komande tiltak:

- Rekneskap (des)
- Årsrapport (2016)

Frisklivssentralen:

Leiinga i dei tre kommunane har avgjort å endre namnet frå Sogn frisklivs- og mestringssenter til;



Sjukefråvær i Luster kommune

